

Kyrkjetonar



Ja, vi elsker dette vatnet



Læresveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.»
Lukas 20. 19b - 21

Framsidediletet:

Klatring i trær i hyttelandsbyen i Skjoldastraumen.
foto: Ingrid Hustoft Landro

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Ingunn Grønnestad,
Ingrid Hustoft Landro, Edwin Gjerde,
Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Å sikra reint vatn var målet for årets fasteaksjon til Kirkens nødhjelp, og no er resultata klare.

Me kan vera stolte over at konfirmantane i Tysvær og Bokn totalt samla inn kr. 154 323. Dette fordelte seg slik:
Førresfjorden sokn - kr. 64 547,
Tysvær sokn - kr. 32 480,
Nedstrand sokn - kr. 32 984
og Bokn sokn - kr. 24 312.
Totalt sikrar dette reint vatn til over 750 menneske.

Ekstra gledeleg er det også at givarviljen på Bokn sikra kommunen 10. plass på landsstatistikkens målt ifht. innbyggartal.

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 3. juni

Frivillig kontingent på Kyrkjetonar

Vedlagt dette nummeret av Kyrkjetonar ligg giro på frivillig kontingent. Økonomien til bladet er avhengig av at mange betaler kontingent, gir gåver og gjer ein uvurderlig innsats i distribusjonen av bladet.

Styret ynskjer å takka alle som bidreg økonomisk, praktisk og med forbøn for Kyrkjetonar.

redaktørens hjørne



Full fart på stevne

av Kørner Høie

Parkeringsvaktene hadde nok å gjøre da bilene køet seg inn til Stemnestaden Kristi himmelfartsdag. Folk i alle aldre ville på familiegudstjeneste.

Lina Fisk Eide sammen med barn ledet sangen, og Elisabeth Fauskanger drog både små og store med seg i dagens preken. Bønnvandring og nattverd gjorde at mange fikk lesset av noen bører den dagen. Grått vær gjorde at mange av aktivitetene for barna ble flyttet under tak, og bare de tøffeste var ute og grilltet maten sin. Desto mere fullt var det i kafeen.



Det er ikke farlig å få seg en dytt når beskyttelsen er god.



Dennis Fredriksen og Thorvald Reiersen med nytt utseende for en dag.

Rundt på området bugnet det av aktiviteter for barna. Nytt av året var ballbasseng og balanseline. Mange fikk også et nytt og friskt utseende etter å ha besøkt ansiktsmalerne. Et ekstra hurra for alle barnelederne som lager opplegget og rydder opp etterpå!

Også på misjonsmøtet var det mye folk. Egil Sjøstad fra NLM trakk de store linjene i Bibelen og lot folket møtet kallet fra Jesus til å gå videre med det glade budskap. Gerd Kari Sund nådde langt inn i hjertene med sangene sine. Det var de lutherske organisasjonene som i fellesskap stod bak arrangementet.

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Bård Egil Dyrhol

mobiltelefon: 982 42 073

Sokneprest Olav Kristian Tangeland

Mobiltelefon: 926 86 729

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

mobiltelefon: 481 35 457

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring/Kyrkjenær

Leiar Kyrkjenær: Marit Sofie Teistedal Vikre

Medarbeidarar:

Nedstrand: Ingrid H. Landro

Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre

Førresfjorden: Kari Undheim

Bokn og Førresfjorden: Greta

Skorpe Elverhaug

Telefon: 52 75 77 00*

Organistar

Johannes Støle, mob: 456 00 925

Stein Johannes Kolnes, mob. 909 18 088

Bergfrid Seibt, Tysvær kyrkje

Gunn Bergvold Larsen,

Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjeverje

Tysvær kommune: Eva Birkeland

Mobiltelefon: 950 51 038

Bokn kommune: Jan Magne Moi

Mobiltelefon: 913 59 668

Kyrkjetonarar

Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold

Mobiltelefon: 404 11 889

Førresfjorden sokn:

Kenneth Hammarqvist mobil 474 54 748 og

Merete Halleland Maudal mobil 959 61 359

Bokn sokn: Odd Grønnestad

Telefon 52 74 84 03

Nedstrand sokn: Eva Keller

Salme 23

av Gunvor Hustoft

**På tur opp i beiter og lier
på stiar eg trakkar så tidt,
der får mine tankar svive
eg tenkjer på mine og mitt.**

**Litt seinare sit eg i kyrkja
der klokkaren les for oss
om Herren som er vår hyrde,
og gav sitt liv på ein kross.**

**Ein hyrde for heile jorda,
for alle som tilflukt treng.
Ein hyrde som let oss kvila
i grønaste blomstereng.**

**Han leier til kvilens vatn,
Han styrkjer mi trøyte sjel,
På rettferdssti får eg vandre,
I skuggenes dal tar han del.**

**Han er min trøystar og hjelpar,
han dekkar bord til meg.
Han salvar mitt hovud med olje
og viser til himmelen veg.**

**Ein hyrde av beste slaget
tar vare på sine lam.
Hans navn er den gode hyrde
han går ved vår side heilt fram.**

**Så godt å dette vite,
når tung blir min vandringsveg.
I både bakkar og lier,
Hans augo kviler på meg.**



Latteren sitter løst når mannsforeningen samles.

Månedens høydepunkt

av Asbjørn Erdal

En gjeng karer er igjen samlet til sitt månedlige møte hjemme hos en av deltakerne slik de har gjort de siste 25 årene.

– Det er en berikelse å diskutere ting jeg er opptatt av med gode venner, sier Alf Harry Øygarden, som har vært med i denne mannsforeningen hele tiden. – Folk har ulik bakgrunn, meninger og kunnskap, og her kan vi utfordre hverandre og lære masse nytt, fortsetter Alf Harry. Gjengen kjenner hverandre godt, snakker rett fra levera her og prøver å finne svaret på små og store spørsmål.

– Et åndelig fellesskap i hverdagen, er også viktig, sier Harald Stødle. – Vi mannfolk trenger et sted hvor vi kan lufte tanker om vår tro og aktuelle problemstillinger, sier Harald.



Han er nå blitt pensjonist og har godt tid til å følge med på ting som rører seg i samfunnet. – I tillegg er det sosiale vedlig viktig, sier Magne Østhus. Å få møte andre mannfolk til en god drøs og god mat, er et kjærkomment avbrekk i dagliglivet.

Jan Reidar åpner møtet med "Ord for dagen".

Mannsforeningen som nå går under navnet "Menn om mangt", ble til da folk var yngre og opptatt med lederoppgaver i KFUM/K og menigheten. – Vi trengte et sted å samle krefter og lade opp til hverdagen, og så har vi bare fortsatt. Nå har vi bedre tid, og kan også stille opp til litt dugnad av og til, sier Magne. – God historier, lått og løye er også viktig i en travel hverdag, føyer Jan Reidar Førre til.



God kveldsmat, kaffe og prat gjør godt i hverdagen.

Når åtte mannfolk ler i kor, høres det godt, og hvis det er andre folk i huset, blir de ofte nysgjerrige på hva som skjer. – Hvis en god latter forlenger livet, kommer vi til å leve lenge. Og hvis andre karer har lyst til å bli gamle, har vi plass til noen flere i gruppa, avslutter Jan Reidar.



Bilete over: To som er glade i vaflar

Diakonidag på Bokn

Kyrkjelydspedagog Greta S. Elverhaug og 3.klassingane inviterte til pensjonistsamling på Allrommet.

Her var borna med på å lage til samling ved å pynte bord og steike nydelege vaflar og lappar. Svanhild Alvstad og Liv Vatnaland hadde laga rører og hjelpte til med steikinga. Liv Vatnaland fortalde frå då ho var lita så både små og store lytta intenst.

Det var kjekt at det kom ein del pensjonistar, for det er alltid kjekt når folk kjem på det som ein lagar til.



*Bilete over: Liv Vatnaland fortel frå ho gjekk på skulen.
Bilete til venstre: Kjekt når pensjonistane møter opp*



Småglimt frå sommaravslutning for søndsgsskulen og fredagsklubben på Vatland.

Sommaravslutninga var i "hyttelandsbyen" som borna i klubben har bygd opp i trea på garden til Harboe.

Pølser i brød, kaker og saft stod på menyen. Ingrid H Landro heldt andakt, me sådde solsikkefrø og hadde sporlek. Og til slutt plukka me bananer, druer og klementiner frå trea.

Takk for ei fin sommaravslutning, og god sommar!





Fest på bibelskulen i Bafoulabe

av Gjermund Lygre

Fredag 21 april var det stor fest på bibelskulen. Her er bilete av elevane og rektor og to til som arbeider på bibelskulen med ulike ting.

No er elevane vendt heim og vil fungere enno meir som leiar i sin lokale samanheng. Dei har fått påfyll av kunnskap, erfaringar, praksis og liv. Rektor Koda Solomon vil besøkje dei både ein og to gonger før dei kjem igjen i januar neste år.

Koda ber meg om å helse og takke alle som støttar bibelskulen i Bafoulabe. Midt i førre veke fekk kona hans ein telefon frå Kamerun med vonde nyheiter. Bror til Deborah hadde omkomme i ei bil-ulykke. Koda ber oss om å be for ho, for dei og for familien i Kamerun.

Agenda 1

No er vi godt i gong med å planleggje Agenda 1 i Mali. Agenda 1 er eit leiar/felleskaps og identitetsbyggjande verkøy. Dette er eit samarbeid mellom EELM (Eglise Evangelique Lutherienne du Mali), og MFLM (Mission Fraternelle Lutherienne au Mali), og Normisjon. Vi planlegg første runde med dette i oktober og inviterer fellesskap i Bamako distriktet til samling og fellesskap i Bamako over to dagar. Tambaga, Bafoulabe og Ous-soubidiana distrikta blir invitert til samling i Bafoulabé også det over to dagar.

Ein av nøklane til å lukkast med dette, og mange ting i livet, er oppfølginga mellom samlingane som er to gonger i året. Fellesskapa som reiser heim med mot, ein bekrefta identitet og planar treng støtte og hjelp for å komme vidare. Difor skal vi samle vegleiarane til samling for å gje dei kunnskap og klokskap. Be gjerne for førebuingane på alle plan.

Gode og dårlege nyheiter

Dei gode nyheitene først. No har den maliske staten klart å få på plass dei offisielle strukturane på dei stadane som mangla i nord etter uroa, Timbuktu var ein av stadane. Den store fredkonferansen i Bamako vart tåleg vellukka.

Stadig vekk opplever ein at det er angrep i nord. Seinast søndag 26.04. mista ein FN soldat livet og fleire vart skada. Ein kan sjå spor av at landet blir meir radikalisert på ulikt vis. Menneskerettane har til dels dårlege kår. Eit eksempel på det er det ein malisk kompis fortalte meg i går. Han har studert i Paris mellom anna. For ei tid tilbake møtte han ei venninne han hadde gått på skule i lag med i Paris. No var han i Mali for ei undersøking i samband med studia. Dei møttest i Bamako. Det vart eit underleg møte fortalde han. Kvinna kunne ikkje handhelse på han, ho var ikkje lenger vestleg kledd, ho bar hijab, denne gjer at håret blir skjult. Ho ville ikkje prate med han på arbeidsplassen. Dette var eit offentleg kontor.

Seinare møttest dei heime hjå ho. Ho fortel at ho er blitt ein muslim for å få jobb. Utan at ho kler seg som ein muslim hadde ho ikkje sjanse til å få jobb.

Ein Malikjennar meiner at fredsprosessen vanskeleg kan lukkast når ikkje alle partar er med og ein viktig part som Algerie spøker i bakgrunnen, men ikkje kjem fram i lyset med sine synspunkt og sin agenda. Spelar franskmennene med opne kort? Har dei agendaer dei ikkje kjem fram med er også spørsmål som blir reist. FN sitt oppdrag i Mali er det farlegaste dei har for tida. Ei evaluering i New York i byrjinga av denne månaden viser at 114 FN soldatar har mista livet sidan starten i 2013. Det er ein stor mangel på godt utstyr og raskt utstyr. Tyske helikopter blir sett på bakken når temperaturen overstig 43 grader og det gjer den ofte i Mali i april, mai og juni!

Ei modig stemme

RAS BATH – er ein ung mann, ein dyktig musikar og god med rapping, som ikkje er redd for å seie kva han meiner og som påpeikar urett og løgn. Han har vore i fengsel, men er no på frifot og mange unge lyttar til han via sosiale kanalar. Myndigheitene har forbode han å samle folk på offentlege stader, men han klarar å samle mange i heimane rundt om i landet. Korrupsjon, religiøst hykleri, dårlege leiarar mm er tema som han tek opp. Eit nyleg eksempel. Han

har kritisert nasjonalforsamlinga, generalar, rikfolk, ministrar med fleire for ikkje å betale straumen. Til slutt våga Mali sitt nasjonale straumselskap å kutte straumen som eg nemnde i førre mail.

Trendar skiftar ofte. Ein av dei siste trendane blant unge er å røyke vasspipe. Dette skjer på barar, ute på gata og i heimane. Mange tenkjer dette er betre enn å røyke vanlege sigarettar, men helsemyndigheitene åtvarar mot dette. Dei meiner det til og med kan vere farlegare enn vanleg røyk då ein held på så lenge med ei vasspipe og likevel får i seg mykje gift. Så obs obs neste gong du er ute på reis og blir freista til å prøve vasspipa!





Sensommerleir

Stemnestaden 1.-3. sept. 2017




ARNE VALEN


SVEINAR MEDHAUG


AUD HOFTUN


RUNE BIRKELAND

HIMMELHAMN
 Unni Vignes og
 ASBJØRN SIVERTSEN
 Kvalavåg musikkor

Tema: HERRE, GI MEG DINE ØYNE

Velkommen til søndagsskule!!

Me har lyst å invitere deg til søndagsskulen!
 Der høyrer me frå bibelen, syng, tenner lys og ber, har ulike aktivitetar, nokre gonger mat og så har me det kjekt ilag.

Nå har søndagsskulane tatt sommarferie, men du er kjempevelkommen på søndagsskulen når me startar opp igjen i haust!

Tysværåv søndagsskule
 Førre søndagsskule
 Akrdal kyrkje s.sk
 Tirsdagklubben
 Vatland søndagsskule
 Stegaberget søndagsskule
 Søndagsgjengen, Førland

kontaktperson Marit Mark
kontaktperson Hartvig Waage
kontaktperson Ellen Gjone
kontaktperson Jorunn Baustad
kontaktperson Anne Marie Leth
kontaktperson Marita E. Havn
kontaktperson Kørner Høie

SONDAGSSKOLEN Karmund-Sunnhordland krets
 ks@sondagsskolen.no/ 95274976

Søndagsskolen Karmund-Sunnhordland krets



Leir på Stemnestaden

tekst Kjersti H. Bjerga

Stemnestaden leirstad ligg i Grinde i Tysvær. Her er det aktivitet heile året i form av leirar og weekendar, stemner, loppemarked, festar, temakvelder og utleige av ulikt slag.

Stemnestaden leirstad er eigd av Normisjon, og i desse dagar er det full planlegging av sommarleirar. Ennå er det ledig plass på alle leirane. Sjå oversikt nedanfor, og meld på.

Barneleirar:
16.-18.juni Minileir. 4-7år
i følgje med vaksen

23.-25.juni Soul Children og sport. 5.-7.kl.
Mykje song og aktivitetar.

26.-28.juni Amigosleir 3. 1.-4.kl.
Måndag morgon til onsdag ettermiddag.

11.-13.august Bedre sammen. Familie.
Gruppa Twinkle frå Kongsvinger er med.

Påmelding til desse barneleirane skjer på nettsida checkin.no (søk på leirnamnet) eller via acta.as/rogaland. Lurer du på noko kan du ringja tlf.: 938 33 150 (mellom kl.8-15 mån-tors).

I tillegg blir det arrangert:
29.juni-2.juli Sommerleir for deg med psykisk utviklingshemming og andre over 18 år.
Deltakarar som må ha hjelp til personleg stell eller annan oppfølging, må ha ledsager med seg.

Påmelding innan 8.juni på tlf.: 982 16 185 (mellom kl.10-14 tys-tors). Lurer du på noko kan du ringja tlf.: 926 21 557.

1.-3.september Seinsommerleir for vaksne.
Tema: «Herre, gi meg dine øyne».
På denne leiren er det tid til god song og musikk, undervisning, gruppesamlingar, utflukt/tur, og god mat.

Påmelding til Stemnestaden
tlf.: 975 89 956 / 982 16 182
eller mail til stemnestaden@normisjon.no

Midtsommerfest i Aksdal kyrkje

Open kyrkje under 16 - 26.juni 2017

Ei stillestund i kyrkja eller ein prat over ein kopp kaffi. Under Midtsommerfestdagane vil Aksdal kyrkje vera open på alle kvardagane frå kl 10.00 til 14.00.

Me treng stader der vi kan kople av. Kyrkjene er slike rastplassar. Kyrkjerommet er ein stad der me kan oppleve «langsam tid» og møte budskapen frå Gud om at han vil gi oss kvile. Ta ein titt på kyrkja sitt interiør og utsmykking, og ha ei stille stund med meditasjon og tenning av lys. Vertar er til stades som kan vise deg rundt i kyrkja. Du finn faldar med informasjon om kyrkja.

Ute i kyrkjetoget er kafeen klar med kaffi og litt til. Her er plassen for ein prat.



Kvar dag vert det lunsjkonsert kl.11.30-12.00. Velkommen innom!

Fredag 16. juni:
Stein Johannes Kolnes (orgel)
Bryllupsmusikk

Lørdag 17. juni:
Gla'sang, Lars Røthe (perkusion)
og Johannes Støle (tangentar)

Måndag 19. juni:
Greta Elverhaug (song), Kjersti Hjelmervik Lofthus (fløyte) og Bergfrid Seibt (klaver og orgel):
Musikk av Bach, Mendelssohn, Debussy, Satie og Peterson-Berger

Tysdag 20. juni:
Lars Røthe (perkusion) og Johannes Støle (tangentar)

Onsdag 21. juni:
Stein Johannes Kolnes (orgel)
Norsk orgelmusikk frå romantikken

Torsdag 22. juni:
Ungdommar frå Tysvær, Marit Sofie Teistedal Vikre og Bergfrid Seibt (klaver)

Fredag 23. juni:
One Way og Øystein Østebøvik
"Glad" musikk frå ulike sjangrar for kor, instrumentalsolistar og band

Lørdag 24. juni:
Ingrid Hustoft Landro (song)
og Stein Johannes Kolnes (orgel)
Norske folketonar og musikk av Grieg og Ellington

Konfirmantopplæring 2017 - 2018

tekst Marit Sofie Teistedal Vikre

Nå er tida snart inne for påmelding til konfirmasjon for neste år.

Det blir konfirmantopplæring i Førresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær sokn. Alle 8.klassingar har fått brosjyre om konfirmasjon i posten. Nokre av 8.klassingane vil få meir informasjon ved besøk frå kyrkja på skulen. Andre stader arrangerast det eigne informasjonsmøte. Dei kommande konfirmantane må fylle ut påmeldinga på «tysvaerkirken.no»

Nettpåmeldinga blir opna seinast 15.juni.
Konfirmantopplæringa er for alle som ynskjer det. Difor vil vi legge opp til tilpassa opplegg for dei som treng det.

Oppstart av nytt konfirmantår blir i august/september.

Har du spørsmål kan du ringe kyrkjekontoret for nærmare opplysningar. Tlf: 52 75 77 00. Velkommen til eit nytt konfirmantår!

Våren 2018 blir konfirmasjon avvikla desse dagane:
Bokn kyrkje: 29. april
Aksdal kyrkje: 5. og 6. mai
Tysvær kyrkje: 5. og 6. mai
Nedstrand kyrkje: 13. mai
Skjoldastraumen kyrkje: 6. mai

Barne-og ungdomsarbeidet i Tysvær Sokn, hausten 2017

Småbarnstreff:

Onsdagar kl 10.30-12.15.Tysvær Soknehus.

Søndagsskule:

Ca 1 søndag pr måned. Tysvær Soknehus kl 11.00.
Førland bedehus kl 11.00.

Barnekor:

Tysdagar kl 17.30-18.30 4 -12 år. Tysvær Soknehus.
Oppstart 5.september.

Vårbod barneforening:

1 – 2 onsdagar pr måned kl 12.30.-14.00. Tysvær Soknehus. Born i skulealder.

Yngres:

Onsdagar kl 18.00. Førland Bedehus. 4.klasse og oppover.

Speidaren:

Måndagar kl 18.30-20.00,annankvar veke.
Stifinnarar og Vandrarar.

Familiespeidar:

Ca ein søndag pr måned kl 12.30.

K/M-klubben:

(Annankvar laurdag) kl 20.00-24.00 Tysvær Soknehus. Frå 8.klasse.

KRIK:

Treningar på Tysværtunet for ungdommar.

Kyrkjenær:

- Babysong : 7 torsdagar kl 10-12. Tysvær Soknehus. Første samling14.september.

- Hausttakkefest 21. og 24. september for 2.klassingar. Invitasjon i posten.

Personalnytt

av Eva Birkeland og Jan Magne Moi

nytt frå kyrkjevevja

Olav Kristian Tangeland er tilsett som sokneprest ut 2018. Dette mens Dag Thormod Milje er hovedverneombud for Presteforeningen. Olav har vært misjonsprest og misjonssekretær for NMS, kapellan i Sunde menighet i Stavanger og menighetsprest i Randaberg.

Ann Margit Grønstad tok til i stillinga som sekretær på kyrkjekontoret og som foreiningsekretær i Førresfjorden KFUM og KFUK hausten 2016.

Ann Margit har erfaring som informasjonsmedarbeider Haugesund kirkelige fellesråd, journalist mellom anna fra Haugesunds avis og resepsjonist i Clarion collection hotell Banken.

Eva Keller tok til i stillinga som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar frå 1.mai 2017. Eva er utdanna gartar og mange års erfaring frå Hogganvik

Me ønskjer begge velkommen til teneste hos oss og ønskjer Guds rike signing over liv og teneste.

Steinar Nordeide slutta i stillinga 31. mai 2017. Han byrja i stillinga som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar for fjorten år sidan. Etter travle år med arbeid både i kyrkja og kyrkjegardane takka han av i kyrkja og pensjonerer seg. Me takkar han for innsatsen i den tenesta han har hatt hos oss, og ønskjer Guds rike signing vidare.

Nymåla i Bokn kyrkje

No er golvet måla etter at to benker er fjerna for å leggje til rette for rullestolar, barnevognar mm. Ein har også funne ut at det hjelper på plassen når ein skal ha kyrkjekaffe.

Framleis er det ikkje kome sti rundt nordsida av kyrkja og fram til toaletta, men eit av toaletta er tilrettelagt for rullestol og her er også lagt til rette med eit stallebord om det skulle vere nødvendig å skifte bleier på småfolk.

Alpha i Tysværvåg

Er det din tur å gå på Alpha til høsten? Alpha er et kurs for de som er nysgjerrige på livet, Jesus, hverdag og evighet. 24 millioner i 169 land har til nå gått på Alpha. Der er en avslappet atmosfære med god anledning til å stille spørsmål. Og nye bekjenskaper får du med på kjøpet. 10 onsdagskvelder med oppstart 25. oktober. Annenhver uke.



Kan hende du allerede har gått på Alpha? Da vet du jo hva det er. Kanskje skulle du invitere med en venn og ta kurset en gang til?

Det kommer mer info etterhvert. Ring gjerne Kørner Høie 98216182 om du vil vite mer nå. Velkommen til Tysvær Soknehus!



Preiketekstane - sommaren 2017

Søndag 18. juni	2. søndag i treenighetstiden	Matt 3,11-12
Søndag 25. juni	3. søndag i treenighetstiden	Luk 14,15-24
Søndag 2. juli	4. søndag i treenighetstiden	Mark 10,17-27
Søndag 9. juli	5. søndag i treenighetstiden	Matt 7,15-20
Søndag 16. juli	6. søndag i treenighetstiden	Luk 5,1-11
Søndag 23. juli	7. søndag i treenighetstiden	Luk 15,1-10
Søndag 30. juli	8. søndag i treenighetstiden	Matt 6,19-24
Søndag 6. august	9. søndag i treenighetstiden	Matt 11,28-30
Søndag 13. august	10. søndag i treenighetstiden	Luk 5,27-32
Søndag 20. august	11. søndag i treenighetstiden	Matt 23,37-39
Søndag 27. august	12. søndag i treenighetstiden	Luk 15,11-32
Søndag 3. september	13. søndag i treenighetstiden	Matt 25,14-30
Søndag 10. september	14. søndag i treenighetstiden	Matt 20,1-16

Basar

Gamaldags basar på Stranda Bedehus

fredag 15. september kl. 19.00
Andakt ved Evy Torunn Nyvoll

Kaffi med noko attåt

Arr: Stranda kvinneforening NMS



Møtehelg på Skjoldstraumen bedehus

16-18 Juni, kl.19.00
Talar: Magne Birkedal

Stevne på Stranda bedehus

25. Juni, kl. 16.00
Talar: Holger Kjølvik



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Sommarbibelskule på Skjoldstraumen bedehus

10-13 August, kl. 19.00
Talarar: Øivind Solheim og Magne Austneberg.

Fellesmøter i Aksdal kyrkje

Fellesmøter med sangevangelistene Irene Krokeide
Alnes og Marit Stokken

Torsdag 17. august - søndag 27. august
Møtetid: kl. 19.30 (bønn kl. 19.00)
Takk til deg som husker møtene i bønn.

Hjertelig velkommen fra hele område!

Stell av gravplasser i Tysvær



Tlf: 93 21 66 79/
52 75 88 60

Neste nummer kjem i postkassen ca. 15. september

Frist for stoff til nr 3/2017: 24. august

Send reportasjar, informasjon,
møtetidspunkt o.l.
til redaktør Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Gjennom livet

Døyppte

Førre kyrkje

09.04 Timon Wee Førre

Aksdal kyrkje

26.02 Marlén Håland Steinsland
Simon Feed
Alfred Kallevik
Adelén Stakkestad

19.03 Ludvig Magnussen
Tone Amdal Müller
Lucas Alexander
Malme Nerbø
Martin Skree Tjøsvoll
Aurora Kristin Tjøsvoll
Torger Søvik Kydland

30.04 Mathias Johnsen Kallekødt
Sunniva Fjellet Skree

Tysvær kyrkje

02.04 Jenny Eskevik Hestvik

16.04 Teo Nordtveit Jinno
Emilie Bakken Bakka
Hanna Kristine Røysland

Bokn kyrkje

26.02 Dennis Øvrebø Snyen

21.05 Johanna Mæland
Alfred Jøsang Alvestad
Augustin Øvrebø

Nedstrand kyrkje

26.02 Sjur Espevold
Bendik Silgjerd Hartvedt

19.03 Amalie Sætre

02.04 Vebjørn Aksland

Skjoldstraumen kyrkje

12.03 Hanna Eline Hersdal
Henry Ferkingstad

02.04 Elea Sofie Egge Jensen

23.04 Jørgen Eikeskog
Milla Fjeldheim Nygård

Vigde

Førre kyrkje

01.04 Marianne Tjøsvoll
og Njål Vidar Bokn

22.04 Synniva Tangen
og Anders Knutsen

Bokn kyrkje

08.04 Natalie Grønnestad Våge
og Tron Erling Vikøren

Jordfesta

Førre kyrkje

17.03 Randi Rørvik

23.03 Laura Leite

09.05 Helga Kallevik

12.05 Berit Eike

Skjoldstraumen kyrkje

28.02 Agnes Eide

03.03 Erling Vestre

05.05 Karen Hebnes

16.05 Gunnar Søvik

Nedstrand kyrkje

01.03 Doris Bakke

07.03 Alf Paul Jensen

07.04 Godtfred Ansgar Bakkevik

Tysvær kyrkje

09.03 Erna Sofie Knutsen

11.04 Leif Inge Hervik

11.04 Ketil Emil Sævereide

12.04 Bjørg Heimdal

18.05 John Berger Hettervik

Bisetting

23.02 Inga Louise Apeland

02.03 Anders Riise

Bokn kyrkje

18.04 Margrethe Jøsang

20.04 Per Ognøy

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

18.jun kl. 11.00

Gudsteneste

02.juli kl. 11.00

Gudsteneste

16.juli kl. 11.00

Gudsteneste

30. juli kl.11.00

Gudsteneste

13.august kl. 11.00

Gudsteneste

20.august kl. 11.00

Gudsteneste

27.august kl.11.00

Misjonsgudsteneste

10.september kl.11.00

Gudsteneste

17.september kl. 11.00

Gudsteneste

Tysvær kyrkje

25.juni kl. 13.30

Gudsteneste Borgøy

16.juli kl. 13.00

Gudsteneste

06.august kl. 11.00

Gudsteneste

13.august kl.19.00

Jazzmesse

27.august kl. 13.00

Gudsteneste

10.september kl. 11.00

Gudsteneste

Førre kyrkje

25.juni kl. 14.00

Friluftsgudsteneste Kvednaneset

03.september kl. 11.00

Gudsteneste

Nedstrand kyrkje

09.juli kl. 13.00

Gudsteneste

23.juli kl. 11.00

Gudsteneste

06.august kl. 13.00

Gudsteneste

20.august kl. 11.00

Gudsteneste

10.september kl. 11.00

Gudsteneste

Skjoldastraumen kyrkje

18.juni kl.11.00

Gudsteneste

09.juli kl.11.00

Gudsteneste

30.juli kl. 13.00

Gudsteneste

20.august kl. 13.00

Gudsteneste

27.august kl. 11.00

Gudsteneste

10.september kl. 13.00

Gudsteneste

Økn kyrkje

18.juni kl. 11.00

Gudsteneste i Loten

02.juli kl. 11.00

Gudsteneste

23.juli kl. 13.00

Gudsteneste

13.august kl. 11.00

Gudsteneste

03.september kl. 11.00

Gudsteneste

17.september kl. 11.00

Gudsteneste